



# Helland skule

## VISJON

(utdrag)

*”..eit trygt,  
utfordrande og  
stimulerande lærings-  
og oppvekstmiljø for elevane..”*

God informasjonsflyt er ein grunnleggande føresetnad for eit godt samarbeid.

Vi nyttar høvet til å oppfordre alle heimane om å søke informasjon:

❖ på **heimesida til Vestnes kommune:**

<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/>

finn de informasjon som er felles for dei kommunale grunnskulane i Vestnes.

på **heimesida til Vestnes kommune:**

<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/skular-i-vestnes/helland-skule/>

finn de informasjon for Helland skule.

❖ på **Visma Flyt skule** <https://skole.visma.com/vestnes>

Der har føresette tilgang til halvårsvurderingar, fråvær, karakterar og merknadar til eleven. Ein loggar seg inn ved å bruke MinID, BankID, Buypass, Commfides eller BankID på mobil.

❖ minner elles om å lese **arbeidsplanar** og **ranselpost**.

# **FORVENTNINGAR**

## **HEIM-SKULE SAMARBEID**

### **VI FORVENTAR AV DEG SOM FORELDER/FØRESETT**

- At du held kontakt med kontaktlærer til barnet og følgjer med på arbeidsplanen
- At du interesserer deg for barnet sine heimeoppgåver, og hjelper barnet til å ta ansvar for at arbeidet vert gjort
- At du hjelper barnet ditt til å leve opp til skulen sine reglar og forventningar
- At du tek del i informasjon frå skulen, skriv på, og sender tilbake der det er aktuelt
- At barnet kler seg fornuftig, har med skifteklede og anna utstyr han treng på skulen
- At du deltek i foreldre- og kontaktmøter og følgjer opp avtalar
- At du tek kontakt med skulen om du er misnøgd med noko. Skulen kan berre forbetre det som vi får kjennskap til. Det er viktig at du som vaksen er forsiktig med å formidle negative kjensler til barnet ditt. Det meste kan vi vaksne løyse utan å uroe barnet.
- At du er merksam på mobbetendensar, og ser til at kontaktlæraren får kjennskap til om nokon vert utsett for mobbing. Mobbing kan vere vanskeleg å oppdage. Difor er det barnet fortel heime verdifullt for skulen å få vite om.
- At barnet ditt kjem førebudd på skulen, har ete frukost og er utkvilt. Barnet skal halde seg heime ved sjukdom.
- At du rosar, oppmuntrar og lyttar til barnet ditt

### **DE KAN FORVENTE AV PERSONALET VED HELLAND SKULE**

- At heile personalet arbeider for å skape tryggleik for elevane. Alle elevar skal møtast med omsorg og respekt.
- At dei vaksne hjelper elevane å løyse konflikhtar
- At dei vaksne arbeider for eit godt skulemiljø, mellom anna ved å vere tydelege i arbeidet med trivselsreglane
- At dei vaksne ser verdien i mangfaldet blant elevane, og lar dette vere ein ressurs i undervisninga
- At kontaktlærer kallar inn til kontaktmøte og foreldremøte minst to gonger i året, og legg vinn på å ha eit godt samarbeid med heimen
- At ansvarleg personale har ansvar for å ta kontakt med familien dersom noko spesielt skulle hende barnet deira
- At lærarane kjem godt førebudd til undervisninga, og gjer sitt beste for kvar enkelt elev
- At personalet hentar inn kompetanse frå hjelpeinstansane til skulen når det er behov for det
- At de får den informasjon de treng, mellom anna gjennom heimesida vår: